

Høring: Skole- og tilbudsstruktur for videregående opplæring i Agder



AGDER
fylkeskommune

Innsendt: 24.09.2025 15:34
Referanse-ID: SUT-7PX
Skjema-ID: AFK-160

Åpen høring

Informasjon

Innsender av høringen

Fornavn	Else Margit
Etternavn	Tveit
Hvem svaret du for?	☐ Jeg svarer på vegne av virksomhet eller ☒ annen organisasjon med eget organisasjonsnummer
Organisasjonsnavn	VALLE KOMMUNE
Organisasjonsnummer	964966575
Gatenavn og -nummer	Postboks 4
Postnummer	4746
Poststed	VALLE

Region

Hvilke regioner gir du innspill til?	☒ Region: Indre Agder
	☒ Prinsipper for skole- og tilbudsstruktur

Region: Indre Agder

Utdanningstilbud

Elevtallet er stabilt lavt og forholdsvis mange søker seg til utdanningstilbud utenfor regionen. Har du/dere forslag til hvordan vi opprettholder et godt tilbud i regionen?

Valle kommune ser med uro på at elevtalet er stabilt lågt. For å snu utviklinga er det naudsynt å halde oppe eit breitt og attraktivt tilbod, trass i lågt elevtal.

Setesdal vidaregåande skule er ein nøkkelinstitusjon for regionen. Lokalt næringsliv etterspør fagarbeidarar innan bygg- og anlegg, transport og logistikk, samt industri og tekniske fag. Samstundes er det viktig å oppretthalde eit studieførebuande tilbod slik at ungdom som ønskjer høgare utdanning, kan starte utdanningsløpet sitt lokalt.

Kommunen vil understreke at svekking av tilbodsstrukturen ved Setesdal vidaregåande skule raskt kan få ringverknader for busetjing, rekruttering av arbeidskraft og samfunnsutviklinga i heile indre Agder.

For å auke attraktiviteten og dermed talet på søkjarar, bør følgjande tiltak vurderast:

- Tilbodsstruktur må tilpassast lokale behov og etterspurnad, både med tanke på elevane sine utdanningsønskje og behova til næringslivet i regionen.

- For å sikre breidde i tilbodet, må oppretting av halve klassar i distrikta vidareførast med auka finansiering, slik praksis har vore tidlegare.

- Eksisterande bygningsmasse bør nyttast effektivt og oppgraderast for å vere mest mogleg attraktive.

- Elevheim må halde høg kvalitet og attraktivitet. Den bør vurderast oppgradert til dagens standard. Det er ikkje lenger internatdrift på skulen, og elevheimen er å rekne som eit hybel- og leilegheitsbygg. Standarden på dette er ikkje i samsvar med kva ein kan forvente i utleigemarknaden.

Elevheimen kan og bør utviklast til eit konkurransefortrinn for skulen.

Fylkeskommunen har ein lovfesta plikt til å

leggje til rette for at dei som
ikkje kan bu heime under vidaregåande
opplæring har tilgang på bustad.
• Kollektivtilbod og timeplanar må tilpassast
elevane sine reisebehov.
Timeplan bør justerast slik at dei som
ønskjer det kan reise heimanfrå
måndag morgon i staden for søndag
ettermiddag, slik dei må gjere nå.
• Tidlegare politisk vedtekne midlar til nye
verkstader og utvikling av
skulebygg må realiserast snarast.

Prinsipper for skole- og tilbudsstruktur

Skolestørrelse, fordeling og sammensetting

**Har du/dere noen innspill
til prinsippene i
høringsdokumentet for:
Skolestørrelse og fordeling
av programområder og
sammensetning av
elevgrupper?**

Valle kommune meiner distriktskulane må
kunne få unntak frå nokre av dei generelle
prinsippa:
• Minimum 300 elevar per skule: Dette
prinsippet er urealistisk for
distriktsskular som Setesdal vidaregåande
skule. Alternative verkemiddel
må nyttast for å sikre fagleg og sosialt
miljø.
• Tre parallellar i studiespesialisering:
Setesdal vidaregåande skule bør få
tilstrekkelege ressursar til å tilby fleire
programfag enn det som er
minimumskravet, sjølv med færre klassar.

Fagmiljø

**Har du/dere noen innspill
til prinsippene i
høringsdokumentet for:
Fagmiljø for elever og
ansatte?**

Minimum 300 elevar per skule: Dette
prinsippet er urealistisk for
distriktsskular som Setesdal vidaregåande
skule. Alternative verkemiddel
må nyttast for å sikre fagleg og sosialt miljø.

Lokalisering

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Geografisk lokalisering?

Vg1-elevar bør kunne bu heime: Dette er ikkje realistisk i distrikta grunna geografi og kollektivtilbod. Nærskulematrisa som gjeld for Agder i dag må oppretthaldast, slik at elevar frå Bykle og Valle kommunar kan bu hos familie eller i sekundærbustader når det er mogleg.

Areal og skolebygg

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Areal og skolebygg?

Éin lokalisering per skule: Setesdal vidaregåande skule må kunne ha avdelingar både i Valle og på Hovden. Sjå argument under "Region: Indre Agder" og "Generell kommentar".

Arbeidslivet

Har du/dere noen innspill til prinsippene i høringsdokumentet for: Samarbeid med arbeidslivet?

Sjå innspel under "Region: Indre Agder" og "Generell kommentar".

Generell kommentar

Skole- og tilbudsstruktur

Har du noen generelle innspill til høringen som nå er ute for skole- og tilbudsstrukturen i Agder?

Valle kommune meiner at Setesdal vidaregåande skule Avdeling Valle må vidareførast på noverande lokasjon av faglege, kulturelle, samfunnsmessige og regionale grunnar:

- Unik fagkompetanse og kulturarv: Gull- og sylvsmedfaget er ein sentral del av kulturarven og næringslivet i Setesdal. Setesdal vidaregåande skule Avdeling Valle er den einaste offentlege skulen i landet med rein utdanning i gull- og sylvsmedhandverk – kritisk for rekruttering og framtida til faget. (Sitat: Norges Gullsmedforbund, Norges Gravørforbund)

- Sterkt fagmiljø og samarbeid: Lærarane underviser på tvers av avdelingar, og ei flytting vil svekke skulen sin samla kompetanse. Skulen har tett samarbeid med lokalt næringsliv, kulturinstitusjonar og andre avdelingar i Setesdal vgs. (Sitat: Setesdal vgs, RysstadSylv)
- Dokumenterte resultat: Elevane ved Setesdal vidaregåande skule Avdeling Valle presterer langt over snittet og utmerkar seg i nasjonale og internasjonale tevlingar. Elevundersøkingar viser høg trivsel.
- I tråd med Regionplan Agder 2030: Flytting vil vere i strid med regionale satsingsområde som berekraftig verdiskaping, utdanning, kompetansebygging, kultur og mobilitet.
- Betydning for lokalsamfunnet: Skulen er viktig for ungdomsmiljøet i Valle, ein kommune der mange ungdomar må flytte for å gå på vidaregåande. Han sikrar kompetansesarbeidsplassar og samarbeider tett med kultur, helse, politi og frivillig sektor for å gi elevane eit trygt og godt bumiljø. Dette er særleg viktig for elevar som kjem frå heile landet og må flytte heimanfrå i ung alder.
- Kommunal tilrettelegging: Valle kommune har lagt til rette for skulen gjennom eigarskap og drift av hybelbygg, samarbeid om vaktmeister tenester og reinhald, samt ein gjesteelevgaranti.

Konklusjon:

Vidare drift av Setesdal vidaregåande skule Avdeling Valle er avgjerande for fagmiljøet, lokalsamfunnet og framtida til gull- og sylvsmedhandverket i Noreg. Flytting vil svekke eit robust og velfungerande utdanningstilbod og stride mot både regionale og nasjonale mål om yrkesfag og desentralisert utdanning. Valle kommune ber difor fylkeskommunen om å vidareføre og styrkje avdelinga i Valle.
